

# BACHELOROPPGÅVE

## Barnevern og legitimitet

av

Jan Tore Toft

Barnevern  
BA530  
April 2008



## **Innholdsliste**

<b>1.0 Barnevern og legitimitet, problemstilling.....</b>	<b>s. 1</b>
<b>2.0 Metodisk gjennomføring.....</b>	<b>s. 1</b>
2.1 Litteraturval.....	s. 2
2.2 Hermeneutikk og forforståing.....	s. 3
<b>3.0 Legitimitet handlar om tillit.....</b>	<b>s. 5</b>
<b>4.0 Barnevernet idealtypisk sett.....</b>	<b>s. 8</b>
4.1 Barnevernet er ein del av velferdsstaten.....	s. 8
4.2 Barnevernet.....	s. 9
4.3 Tre viktige prinsipp i barnevernets arbeid.....	s. 11
4.4 Taushetsplikt og opplysningsplikt.....	s. 13
4.5 Etikk i barnevernet.....	s. 14
4.6 Legitimiteten i eit idealtypisk barnevern.....	s. 15
<b>5.0 Kva faktorar svekker barnevernets legitimitet.....</b>	<b>s. 16</b>
5.1 Verklegheten i barnevernet.....	s. 16
5.2 Taushetsplikta i barnevernet kan redusere legitimiteten.....	s. 17
5.3 Politikarar og barnevernet.....	s. 19
5.4 Media si framstilling av barnevernet og svekka legitimitet.....	s. 22
<b>6.0 Svekka legitimitet i barnevernet.....</b>	<b>s. 23</b>
<b>7.0 Mangel på legitimitet i barnevernet er eit problem.....</b>	<b>s. 25</b>
<b>Litteraturliste.....</b>	<b>S. 27</b>

## **1.0 Barnevern og legitimitet, problemstilling**

Tema for denne oppgåva er legitimiteten i barnevernet. Temaet bygger på refleksjonar eg har gjort meg gjennom den treårige bachelorgraden i barnevern eg har gått på dei siste 2 ½ åra, og er eit produkt av det eg har fatta som eit spanande og samansett tema i barnevernsfeltet. Eg har ei problemstilling som eg har valt å dele opp i to deler. Problemstillinga mi er,

*Kva element er meint å skape legitimitet i barnevernet, og kva faktorar svekkar legitimiteten til barnevernet.*

I den første delen av analysen ser eg på barnevernet idealtypisk sett, og dei elementa som er meint å skape legitimitet. Taushetsplikt, etisk refleksjon rundt arbeidet ein utfører og openheit rundt barnevernets arbeid er døme på slike element. I den andre delen av analysen tek eg opp kva faktorar som svekkar legitimiteten til barnevernet. Her kjem ei utgreiing av tilstanden i barnevernet i dag, og dei faktorane eg meiner er viktigast når det kjem til svekkinga av legitimiteten til barnevernet. døme på faktorar som svekkar barnevernets legitimitet er pressa si framstilling av barnevernet, og den før nemnde taushetsplikta, men her som svekkande for legitimiteten. Før eg byrjar på analysen av problemstillinga vil eg greie ut om dei teoretiske begrepa eg meiner er dei viktigaste når eg skal analyserer elementa som skapar legitimitet i barnevernet. Legitimitet er eit begrep som vert tillagt mange meiningar. Eg brukar Max Weber som referanse og definerer legitimitet som ein form for tillit som er nødvendig for at barnevernet skal kunne gi eit best mogleg tilbod til utsette barn og familiar. Før eg byrjar på utgreiinga av teori vil eg starte med å beskrive den metodiske gjennomføringa. Her ser eg på viktige kjelder eg har brukt i mitt arbeid og den forforståinga som eg hadde då eg starta på oppgåva.

## **2.0 Metodisk gjennomføring**

Eg har valt å gjennomføre ei rein litteraturstudie. Problemstillinga gir utgangspunkt for oppgåvas to delar. Den første delen omhandlar legitimitet i eit idealtypisk barnevern, samt ein gjennomgang av barnevernets plass i byråkratiet, og dei viktigaste funksjonane til barnevernet. Del to av oppgåva ser på kva faktorar som svekkar barnevernets legitimitet. Her studerer eg barnevernet si rolle i dagens samfunn, og kvifor eg meiner barnevernet har ein svekka legitimitet. At ein rekke faktorar svekkar barnevernets legitimitet er ein del av min forforståing, som eg kjem tilbake til lenger nede i teksten.

## 2.1 litteraturval

Eg har brukt ulike bøker, internettsider, rundskriv og informasjonsskriv i mitt arbeid. Val av litteratur starta med at eg uavhengig av oppgåva hadde lese boka "Barnevern –medier og juss" (2006) Av Figenschow, Ringberg og Ekanger. Boka tek opp ei barnevernsak som vert kalla Kvæningen-saka. Dette er ei barnevernsak som fekk stor merksemd i media og i befolkninga i 2002-2003. Svanhild vert fråteke omsorga for dei to barna sine som vert satt i fosterheim. Ho taper anker på fylkesnemndvedtaket både i lagmannsrett og tingrett. Familien er kritiske til at dei ikkje har vorte kontakta med tanke på å bli vurdert som fosterforeldre. Barnevernet viser her til taushetsplikta. Under sakas behandling i fylkesnemda, i lagmannsretten og i tingretten og i ettertid har det vorte retta kritikk mot både barnevern og media for måten saka vart handsama og framstilt på. Forfattarane belyser ved hjelp av Kvæningen-saka barnevernet, pressa og advokatstanden sitt arbeide rundt barnevernsaker. Dei stiller spørsmål med måten omsorgsovertaking vert handsama frå desse tre halda, og kor vidt dagens praksis med barnevernsaker skadar tilliten til barnevernet. Denne boka vart viktig for meg då eg valte tema til oppgåva. Eg vurderte først å bruke pressa si rolle i større grad. Denne boka passa godt til det formålet. Når eg etter kvart endra fokus til å skrive om kva som skapar og svekkar legitimiteten til barnevernet passa likevel denne boka som kjelde.

Eg har brukt Max Weber si bok "Makt og byråkrati" (1990) som hovudkjelde for mitt teoretiske analyseverktøy. Boka er ei samling og oversetting av Webers sine mest sentrale verk. Hans teoriar rundt politikk og byråkrati er gjennomgåande i boka. Han beskriver byråkratiets funksjon. Weber tek og føre seg legitimitet, og viktigskapen av legitimitet for ein organisasjons eksistensrett. Weber gir i sine tekstar ei idealtypisk beskriving av samfunnsmessige hendingar som til dømes politikken utvikling, byråkratiets framvekst og dei ulike typane legitimitet er bygd på. Webers beskriving av byråkrati og legitimitet er eit dominerande perspektiv som er eigna til å analysere ein byråkratisk institusjon som barnevernet er eit eksempel på.

Eg har henta mykje av bakgrunns materialet om barnevernet frå Bufetat sin heimesider. Bufetat har ei rikhaldig dokumentbase som ein kan hente relevant informasjon frå. Andre statlege nettsider som regjeringen.no og ssb.no har også bidrege med stortingsmeldingar, odeltingspreposisjonar og statistikk. Offentlege dokument meiner eg gir høg grad av relevans, sidan odeltingspreposisjonar, stortingsmeldingar og lovforarbeid bestemmer lovar og reglar som barnevernet jobbar etter, og skapar sin legitimitet gjennom. Når eg har valt å bruke desse er det opplagt fordi dei gir retningslinjer og ser på utfordringar for barnevernet.

Til dømes gir st. meld. Nr. 40 (2001) uttrykk for at ein skal ha ei styrking i det ”biologiske prinsipp”, og at dette skal vektleggast i barnevernsaker. Utfordringar i barnevernet finn ein i til dømes i ”Barnevernet i Norge” ( NOU 2000:12), der ein har eit eige kapittel som omhandlar sentrale utfordringar for barnevernet. Det kjem eksplisitt fram i fleire av desse dokumenta at legitimiteten er noko ein må arbeide med. Ei anna kjelde som har vore brukt hyppig er Edda Stang sin rapport ”Fremstillingar av barnevernet i løssalgpresen” (2007). Denne har gitt meg eit verdifullt innsyn i kva rolle media spelar i å forme barnevernets legitimitet.

Eg har brukt kjelder frå eit breitt spekter av barnevernsfeltet, samt offentleg informasjon. Eg har vore kritisk til kjeldebruken, og forsøkt å unngå kjelder med lav validitet, slik at validiteten i oppgåva totalt ikkje skulle verte råka. Validitet handlar om gyldigheit. Validitet nyttast til å sei noko om kva grad dei innsamla data samsvarar med fenomenet eg ønskjer å måle. Ein kan ikkje måle dette samsvaret direkte, berre vurdere det skjønsmessig (Pedersen, 1997). Validiteten i oppgåva totalt har eg forsøkt å halde høg. Når det gjeld kjelder som omhandlar barnevernets legitimitet er dette vekslende. Til dømes stiller Henriksen (2007) i si masteroppgåve ”Tillit og legitimitet i det nye statlige barnevernet” spørsmål til leiarar innanfor Bufetat om kva dei legg i begrepet legitimitet. Svara han mottek er til dels svært så ulike (Henriksen, 2007). Det rådar ulike syn på kva legitimitet er. Eg har altså vektlagt å finne kjelder som kan brukast for å analysere legitimiteten til barnevernet. For at eg skal kunne drøfte dette fenomenet må eg tolke kjeldene og utvikle ei forståing av dei. Dette kan også utfordre den forståinga eg har hatt. Neste del handlar om dette.

## **2.2 Hermeneutikk og forforståing**

I denne delen vil eg forklare begrepa forforståing og hermeneutikk fordi dei er sentrale for mi tolking av denne oppgåva. Hermeneutikk tyder forståing. Filosofisk hermeneutikk er retta inn mot å forstå både den ein studerar, og seg sjølv (Giertsen, 2003). Giertsen (2003) skriv at å forstå andre menneske si livsverd, betyr ikkje berre å få deira utsegn og åtferd til å passe inn i vår forforståing av ein situasjon eller eit tema, men å reflektere over om vår forståing, våre tiltak og våre metodar er gode nok til å forstå den andre. På bakgrunn av dette vil eg slå fast to ting. For det første at forforståing betyr å ha eit sett med meiningar og haldningar, som ein går inn i ein situasjon med, eller i dette tilfellet ei oppgåve med. Giertsen (2003) kallar desse meiningane og haldningane for fordommar, og understrekar at dei kan vere både bevisste og ubevisste, positive og negative. Eg ser her viktigskapen av å vere bevisst sine fordommar i

møte med nye menneske, og nye system. For det andre meiner eg at ein kan anvende hermeneutikk på så vel ein institusjon som barnevernet, som enkeltmenneske. Mi forforståing har vert med på å prege oppgåva mi fordi den kunnskapen eg sat inne med før eg starta på oppgåva har vore med å forme den nye forforståinga eg tilegnar meg gjennom ei slik oppgåve. Mi forforståing før oppgåva har også vore i utvikling, akkurat som den har vore i utvikling under arbeidet med denne oppgåva. Ny kunnskap banar veg for ny forforståing.

For å vise korleis mi forforståing har endra seg vil eg beskrive nokre situasjonar som viser korleis eg meiner at fleirtalet av dei som ikkje kjenner til barnevernet ser på det arbeidet barnevernet gjer. Når eg fortel folk kva eg utdannar meg til, er eit standardsvar; ”ja vel, så du skal bli barnerøvar du!”. Eg sit med ein følelse av at mange i samfunnet har eit upresist og urett bilete av barnevernet, og dei oppgåvene barnevernet utfører. Eg opplever det som at pressa si framstilling av barnevernet er negativ i større grad enn positiv. Eit døme er den tidlegare nemnte Kvænangen-saka. Her har pressa i ettertid måtte tole mykje kritikk for måten dei framstilte saka, blant anna for å ha gått ut med fullt namn på dei berørte barna i saka (Figenschow m. fl. 2006). Eg opplever at det er ei manglande vilje til open støtte til barnevernet hos politikarane. Eg opplever også at taushetsplikta kan vere til hinder for eit ope og kommuniserande barnevern. Taushetsplikta er meint å verne om barna, og familiare som er i kontakt med barnevernet, men vert ofte oppfatta som noko som barnevernet skjuler seg bak når dei tek feil, eller ikkje vil uttale seg. Alle desse faktorane bidreg etter mi meining til at legitimiteten til barnevernet vert svekka. Dette var min forforståing før eg tok til å skrive denne oppgåva. Dei er basert på mi studietid, mi praksiserfaring, og ei generell interesse for barnevernsfeltet, og dei styrande faktorane som skal bidra til eit best mogleg barnevern. Døme på styrande faktorar er regjering og storting, gjennom lovar, reglar og løyvingar, og til dels befolkningas oppfatning av barnevernet, gjennom legitimering av barnevernets funksjon, eller mangel på legitimitet. Pressa spelar og ei viktig rolle, gjennom dekning av barnevernets arbeid.

Til dels har mi forforståing vorten bekrefta av dei funna eg har gjort. Under arbeidet med oppgåva har eg hatt fokus på ikkje la mi forforståing komme i vegen for eventuell ny kunnskap. Eg har forsøkt å vere open og søkande, og ikkje forutinntatt. Eg har registrert at eg har hatt ei utfordring i det å behandle pressa like ukritisk som barnevernsfeltet, sidan eg meiner at pressa til tider dannar ein front mot barnevernet, som har ei overvekt av negative framstillingar av barnevernets arbeid. Men eg meiner likevel at eg har klart å halde meg

nøytral nok til å gi ei gyldig og rettvis framstilling. Mi forforståing har ikkje i utgangspunktet stått i vegen for ny forforståing. Eg har forsøkt å være bevisst på kva fordommar eg har måtte arbeide med for å forholde meg nøytral. Til dømes har mine haldningar til høgresida i politikken, som eg meiner framstiller barnevernet stort sett negativt, vore ein fordom eg har jobba med.

Før eg starta på min bachelorgrad i barnevern, hadde eg eit sett med oppfatningar av barnevernet, utan at eg nødvendigvis reflekterte så mykje over dette. Mi forforståing var som eg har nemnt før i teksten, prega av ubevisste fordommar. Som barnevernsstudent har eg etter kvart fått eit meir bevisst, og til dels endra sett av oppfatningar. Ein kan sei at mine fordommar, eller fortolking av barnevernet har endra seg til eit bevisst syn. Eg har altså no fått ei ny forforståing av barnevernet. Eg har fleire klare meiningar om kva funksjon barnevernet har i samfunnet. Til dømes meiner eg at ein av dei viktigaste funksjonane til barnevernet er å gi barn best mogleg vilkår for oppvekst. Giertsen (2003) beskriv fordommar som normative, og dette tolkar eg som at han meiner dei inneheld ei meining om korleis ting bør være. Difor er refleksjon over sine fordommar sentralt (Giertsen, 2003).

Når eg vel å ta for meg legitimiteten i barnevernet er det fordi eg meiner det er spesielt viktig for barnevernet å ha legitimitet i befolkninga, for å kunne tilby eit best mogleg hjelpetilbod for utsette barn og familiar. Eg ønskjer difor å klarlegge kva legitimitet er, og faktorane som påverkar denne.

### **3.0 Legitimitet handlar om tillit**

I denne delen vil eg forklare dei viktigaste teoretiske begrepa eg brukar i dette prosjektet. Legitimitet er det begrepet eg ser på som viktigast, og difor vil legitimitet verte grundig utgreia. Eg ser på den byråkratiske organisasjonsforma som noko av grunnlaget for legitimiteten i barnevernet og legg difor mest vekt på det legale herredøme når eg gjer greie for dei forskjellige formene for legitimitetsgrunnlag. Byråkratiet slik som Weber beskriv det er ein idealtipe og eg startar med å forklare kva ein idealtipe er.

Idealtypen beskriv ein situasjon der ein ser korleis dei enkelte aktørane ville handla om alle forholdt seg formålsrasjonelt. Med formålsrasjonelt meiner Weber (1990) at ein handlar mest mogleg effektivt for å nå eit mål. Dette gir ein idealtypisk modell som kan brukast til å klassifisere verkelegheita sitt innhald. Ein idealtipe brukar ein for å analysere verklegheita,

men det vil aldri være heilt og fullt samsvar mellom modell og verkelege situasjonar. Ein har reindyrka nokre trekk når ein har laga modellen. Ein idealtipe er likevel nyttig, fordi vi treng modellar for å forstå og gje meining til ein kompleks verkelegheit. Ein kan ikkje sei noko om alt. Idealtipane er ikkje i seg sjølv årsaksforklarande, men eit utgangspunkt for å etablere hypotesar om konkrete årsakssamanhengar i den verkelege verda (Pedersen, 1997). Difor vil eg bruke teorien om idealtipar til å sjå kva for element som skapar legitimitet i barnevernet.

Max Weber beskriver legitimitet som ei form for indre rettferdiggjering for eit herskeforhald (Weber, 1990). Eit herskeforhald kan til dømes være staten, som styrer over enkeltindividet, eller barnevernet som går inn og tek avgjersler for unge og familiane deira. Hanssen, Helgesen og Vabo omtalar i boka "politikk og demokrati" (2007) legitimitet som autoritet, der ein part aksepterer den andre parts rett til å bestemme, og si plikt til å adlyde. For at ein stat skal bestå, må innbyggjarane rette seg etter den autoritet som dei styrande krefter gjer krav på (Weber, 1990). Til dømes må ein familie rette seg etter dei vedtaka som barnevernet fattar. Når innbyggjarane rettar seg etter dei lover og bestemmingar som til ei kvar tid gjeld, kan vi sei at innbyggjarane legitimerer dei styrande krefter fordi dei har tillit til dei styrande krefter og aksepterer og godtek statens handlingar. Eg tolkar legitimitet på bakgrunn av dette som at dei styrande kreftene er basert på tillit i folket. Innforstått med dette skal eg sjå på kva element som er meint å skape legitimitet for barnevernet i befolkninga, og på kva faktorar som svekkar denne legitimiteten.

Weber argumenterer for at det prinsipielt finnast tre forskjellige grunnlag for legitimitet. Desse grunnlaga omtalar han som for det fyrste tradisjonelt herredømme, for det andre karismatisk herredømme, og det tredje grunnlaget for legitimitet går under omgrepet legalt herredømme og dette siste er mest sentralt for mitt prosjekt. Tradisjonelt herredømme er eit herredømme i kraft av tradisjonsbundne lovar og reglar og ei herskarmakt som ofte går i arv (Weber, 1990). Eit reint monarki er eit døme på tradisjonelt herredømme. Her Går tittelen i arv og herskaren blir sett på som ei form for hellig for undersåttane. I eit tradisjonelt herredømme sit herskaren over lovene. Tilliten som herskaren har er leda frå at han tradisjonsbunden er verdig å herske. Så lenge han ikkje rokkar for hardt ved tradisjonane vil herskaren ha tillit i folket (Weber, 1990). Nokon liknande trekk kan ein finne ved karismatisk herredømme, men det er nokre vesentlige forskjellar.



Karismatisk herredøme ser ein sterk person som leiar. Ein er leiar i kraft av eins evner, eller som Weber(1990) kallar det, nådegåver, altså karisma. Ein person som i kraft av sin kløktigskap, mot, styrke eller guddomlegskap oppnår leiarskap, er ein karismatisk leiar. Døme gjennom historia på slike er, Jesus, Jeanne D`arc og Napoleon. Denne typen herredøme fungerer berre så lenge ein når det er påkravd kan vise til nye bragder, og under. At karisma til del er ein del av også moderne leiarskap i eit demokrati, kan ein argumentere for, men i eit demokrati er befolkninga i hovudsak styrt av lovar og reglar. Dette vert kalla eit legalt herredøme.

Legalt herredøme er eit herredøme i kraft av lover og er i si reinaste form eit byråkratisk styre (Weber, 1990). Kva som kjenneteiknar byråkratiet som organisasjonsform kjem eg attende til under, og eg skal fyrst gjere greie for kva som er essensen i det legale herredøme. Hanssen mfl. (2007) uttrykker legalt herredøme som basert på legal-rasjonell autoritet. Logikken i det legale herredøme er at ein oppfattar myndigheita som offentlige tilsette innehar som legitim fordi ein sjølv har bestemt dei reglar som dei offentlege tilsette jobbar ut frå (Hanssen m. fl. 2007). I barnevernet har ein fagleg kompetanse og reglar dei tilsette jobbar etter. Dette skal sikre legitimitet. Eit legalt herredøme er ikkje i motsetnad til dei to førnemnte herredøma personavhengig. Eg meiner ut frå dette at det som er avgjerande for om ein kan bekle ei stilling er kunnskap om lovar og reglar, og anna fagleg kompetanse og ikkje karisma eller arv.

I Noreg er staten bygd på legitimitet som er basert på eit demokratisk valt styre, med lover og regler som den enkelte innbyggjar i staten skal rette seg etter. Det er her ein grunnleggande tanke at gjennom formelt korrekt, eigenmektig lovgjevnad, kan kva som helst lov skapast eller avskaffast (Weber, 1990). Ein har tillit til at dei fritt folkevalte utøvar makt som er til eit felles gode, og til det beste for flest mogleg. Sidan folkevalte er valt av folket, er det i yttarste instans vi, folket, som bestemmer lovane. I dette ligg det ei legitimering av statens verkemiddel for handheving av lovene som til ei kvar tid er gjeldande. Vi har tillit til lovene sidan det er vi som har skapt dei.

Ein kvar stat, har ei forvaltning, eit byråkrati som handhevar dei oppgåvene staten pålegg dei. Weber (1990) har utleda at Byråkratiet er kjenneteikna av at ein har faste kompetanseområde for utøving av myndigheit. Ein tilset såleis personale som er kompetent i forhold til stillingsbeskrivinga. Når til dømes barnevernet utlysar ei stilling, vil dei primært søke etter personar med kompetanse innanfor dette området. Dette skal sikre at utøving av myndigheit føregår på ein mest mogleg rettferdig, og lik måte, for dei forskjellige innbyggjarane. Graden

av kompetanse til dei ein tilset, skal igjen reflektere korleis arbeidet vært løyst, og dette kan igjen gi utslag i mottakaren sin grad av tillit til tenesta som vert levert. Eit anna moment ved byråkratiet er dei sakshandsamingsreglane dei opererer med (Weber, 1990). Byråkratiet krev skriftleg dokumentasjon på dei beslutningane som dei tek. Då har ein moglegskap til å følge saka, for å sikre rettferd og likebehandling for brukarane av byråkratiet. Til dømes krev ein skriftleg dokumentasjon på eit kvart vedtak som vert gjort i barnevernet. Om kompetansenivået er høgt vil fleire av mottakarane oppleve tenesta som tilfredsstillande og rettferdig. Politi, helsevesen, sosialteneste er eksempel på typiske byråkratiske institusjonar. Under sosialtenesta kjem også barnevernet, som denne oppgåva skal omhandle.

Ein innbyggars oppleving av rettferdig og lik behandling som andre innbyggjarar, vil styrke tilliten, og såleis legitimiteten til den utøvande makt. Til dømes skal ein som nemnt ovanfor ha skriftleg dokumentasjon på avgjersler tatt av forvaltninga, så ein kan samanlikne behandlinga ein har fått med andre, slik at eventuell ulik behandling vert luka ut. Legitimitet i barnevernet dreiar seg altså om befolkninga har tillit til barnevernet. Barnevernet er som alle dei andre institusjonane i samfunnet, avhengig av legitimitet i befolkninga for å eksistere, og for å utføre oppgåvene sine på ein god måte utan å møte motstand.

#### **4.0 Barnevernet idealtypisk sett**

Analysen av problemstillinga skal starte med at eg framstiller eit idealtypisk barnevern. Barnevernet er ein del av velferdsstaten. Velferdsstaten skal sikre alle innbyggjarane hjelp når dei treng det. Til dømes mottek alle barnefamiliar barnetrygd. Ein har og rett til andre tenester som hjelp ved sjukdom, og økonomiske bidrag ved fattigdom. Eg vil sjå på struktur og funksjon. Eg vil så gjere greie for barnevernet sitt virkeområde, funksjon og retningslinjer. Eg vil greie ut om tre viktige prinsipp som er grunnleggande for legitimitet i barnevernet. Så tek eg føre meg dei elementa av taushetsplikta som eg meiner spelar ei viktig rolle for legitimiteten til barnevernet. Viktigast her er vern om klientens privatliv og opplysningsplikta. Vidare vil eg greie ut om korleis yrkesetikk kan bidra til å heve legitimiteten i barnevernet. Til slutt i denne delen vil eg oppsummere med å beskrive kva som ligg til grunn for legitimiteten i eit idealtypisk barnevern. Men først vil eg byrje med å sjå på barnevernet som ein del av velferdsstaten.

#### **4.1 Barnevernet er ein del av Velferdsstaten**

Prinsippet bak den Norske velferdsstaten, er at staten tek ansvar for innbyggerane sin økonomi, si helse og omsorg. Ein kan oppfatte det som eit offentleg, kollektivt ansvar for ein høg grad av sosial tryggleik, og likskap i samfunnet (Hatland, Kuhnle og Romøren, 2004) Ein rekke lovgitte og ofte universelle ordningar frå barnetrygd til alderspensjon er med på å sikre alle medlemmer av velferdsstaten tryggleik frå krybbe til grav. Her spelar barnevernet ei viktig rolle i starten av livet, som tryggar av barn og unges rettigheter, og vaktar av barn og unges oppvekstvilkår og oppvekstmiljø. Å oppretthalde eit vidt sikkerheitsnett om innbyggerane sine til ei kvar tid, kostar pengar. Staten subsidierer tenestene dei tilbyr ved skattar og avgifter. Ein kvar arbeidstakar betalar ein viss sum skatt, etter inntekt, og mange varer og tenester er belagt med ein eller anna form for avgift eller meirverdiavgift. Ved å balansere skatte og velferdssystemet slik at det verken er for progressivt eller regressivt vil ein kunne oppretthalde ein høg legitimitet rundt velferdsstaten generelt (Hatland m. fl. 2004). Men barnevernets legitimitet er låg. Dette er eit viktig poeng sidan barnevernets evne til å bidra med hjelp vert svekka med låg legitimitet. Barnevernet har eit behov for å samarbeide med befolkninga for å yte best mogleg hjelp til utsette barn og familiar, og låg legitimitet går ut over dette samarbeidet. Meldeplikta er og eit utsett område ved låg legitimitet, sidan mangle på tillit til barnevernet kan føre til at fleire vil unngå å kontakte barnevernet. Velferdsstatens forvaltarar og byråkratar er ansvarlege for administrere løysinga av sosiale problem, og har difor behov for å kategorisere og avgrense dei som har rett på hjelp eller behandling frå dei som ikkje har det (Halvorsen, 2006). Barnevernet, er eit eksempel på ei slik avgrensing, med det formålet å hjelpe utsette barn, og familiane deira.

#### **4.2 Barnevernet**

Eg vil i denne delen gjere greie for barnevernet sitt virkeområde, barnevernet sin funksjon, og dei retningslinjene barnevernet jobbar etter. Sidan barnevernet jobbar med barn, og familiar med barn, vil avgjersler ein tek være avgjerande for oppveksten til barna som kjem under barnevernet. Barnevernet sit med både ein hjelpe- og kontrollfunksjon, og sistnemnde kan skape mistillit og bekymringar hos familiar i kontakt med barnevernet. Dei retningslinjene barnevernet held seg til, og som kan framstå som uoversiktlege og kompliserte for barn og familiar, er og med på å bestemme legitimiteten. Dette er nokre av dei viktigaste faktorane som påverkar legitimiteten i barnevernet, og dei bidreg og til å belyse kva legitimitet i barnevernet er, og dette skal eg diskutere i denne delen.

Barnevernet fungerer som ein del av den Norske velferdsstaten. Barnevernet er underlagt barne- og likestillingsdepartementet, og jobbar ut frå dei lover og føreskrifter som departementet, og regjeringa til ei kvar tid bestemmer. Barnevernets viktigaste arbeidsdokument er "Lov om barnevernstjenester" som vart vedteken i 1992, frå no av kalla bvl. I bvl § 1-1 heiter det at lovas formål er,

*"å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår"*

Barnevernet har såleis eit todelt målsetning, for det første skal barnevernet vere eit hjelpe- og omsorgstiltak, for det andre skal barnevernet jobbe med førebyggjande verksemd (jf. Bvl. § 3-1). Hovudtyngda av tenestene som barnevernet gir, er hjelpetiltak. Til saman 40400 barn og unge mottok hjelp frå barnevernet i 2006, og av desse var det 33200 som berre tok imot hjelpetiltak (SSB, 2006). Døme på hjelpetiltak er leksehjelp, barnehage, støttekontakt og økonomisk hjelp. Døme på andre, meir inngripande tiltak er tiltak som er gitt etter Bvl. § 4-4, femte ledd, som fosterheim, institusjon eller senter for barn. Dei sistnemnte tiltaka kan vere frivillige, eller etter bruk av tvang, jf. Bvl. § 4-12. Førebyggjande verksemd går ut på å trygge barn og unges oppvekstmiljø, ved hjelp av ulike tiltak, som til dømes tiltak mot rasisme og mobbing i skulen.

Barnevernet har ein lovfesta rett til å gripe inn i familielivet, gjennom å tilby og/eller pålegge hjelpetiltak, eller fremme forslag om omsorgsovertaking av barn. Barnevernet sitt ansvar er delt mellom staten, og kommunane. Gjennom Bufetat (Barne,- ungdoms- og familieetaten) skal staten etablere og drive institusjonar. Dei har og ansvar for rekruttering og formidling av fosterheimstenester og etablering og drift av Multisystemisk Terapi-tenester (Strategidokument, 2003). Den kommunale barnevernstenesta sitt ansvar er å drive førstelinjetenesta, som arbeidar med undersøkingar og tiltak retta mot barn og råka familiar. Barnevernets ansvarsområde ligg i starten av livet til dei barn og unge ei skal yte hjelp til. Ein er potensielt under barnevernets ansvar til ein fyller 18, og i spesielle tilfeller til fylte 23 år. Bvl. saman med barnelova, sosialtenestelova, forvaltningslova og ein del andre tilstøtande lover dannar til saman grunnlaget for barnevernets virkeområde.

Som ein ser ovanfor er då samla sett funksjonsområdet til barnevernet stort. Frå undersøkingssaker, til tiltak, og førebyggjande arbeid ut mot barn og unges oppvekstmiljø.

Ein kan sei at barnevernet fungerer som statens forlenga arm, inn i oppveksten til barn og ungdom, men og som kontrollør av utsette barnefamilier. Med begrepet utsette familier meiner eg familier som står under tiltak, eller undersøking frå barnevernet.

Det er viktig at befolkninga har tillit til barnevernet av den grunn at eit fungerande barnevern er avhengig av samarbeid for å kunne løyse oppgåvene dei er tildelt på ein best mogleg måte. Ein er avhengig av tillit i brukargruppene for eit best mogleg samarbeid med foreldre og barn. Det er viktig at det finnast tillit til at tiltaka som vert iverksett kan bidra til hjelp. Barnevernet er og avhengig av at befolkninga har tillit til at barnevernet gjer ein tilfredstillande jobb. Ein set til dømes lit til at naboar, slekt og vener varslar barnevernet ved mistanke om omsorgssvikt. Om ikkje befolkninga har tillit til at barnevernet løyser oppgåvene sine på ein tilfredsstillande måte, kan det gå ut over oppveksten til mange og barn og unge, fordi folk er skeptiske til å ta kontakt med barnevernet på egne eller andres vegne. Tillit får ein gjennom klare og trygge reglar for handtering av barnevernssaker. Weber (1990) understrekte byråkratietts evne til nettopp å ta avgjersler ut frå rasjonelle reglar, og der desse sviktar, –ut frå saklege betraktningar om kva som er hensiktsmessig. Dette er element som skal skape legitimitet. Eit barnevern utan legitimitet i befolkninga vil være eit barnevern i krise. Denne krisa vil råke barn og unge som kan verte lidande under mangel på rett hjelp til rett tid. Eg meiner dette understrekar viktigheten av eit barnevern med sterk legitimitet. Tre viktige prinsipp dannar grunnsteinen for barnevernets arbeid. Desse tre prinsippa er «barnets beste», «det biologiske prinsipp» og «minste inngripens prinsipp». Desse tre prinsippa vil eg ta føre meg i neste del.

### **4.3 Tre viktige prinsipp i barnevernets arbeid**

Når barnevernet skal undersøke ei sak, er det tre særdeles viktige prinsipp ein alltid skal ta omsyn til. Eg vel å trekke fram desse prinsippa fordi dei er element som er meint å skape legitimitet i barnevernet. Barnevernet har fokus på barnets beste, men skal samtidig ta omsyn til at familien ikkje blir overkjørt, og at ein ikkje tek unødvendig omfattande grep ovanfor barn og familie. Det viktigaste prinsippet er «omsynet til barnets beste». Bvl. § 4.1. seier:

*”Ved anvendelse av bestemmelsene i dette kapitlet skal det legges avgjørende vekt på å finne tiltak som er til beste for barnet.”*

Barnets beste er ikkje i seg sjølv nok til å begrunne eit tiltak, men det skal være styrande for eit kvart tiltak som vert iverksatt. Det neste prinsippet er «det biologiske prinsipp». «Det biologiske prinsipp», tilseier at ein i størst mogleg grad skal være i kontakt med sine foreldre.

Sjølv om ikkje denne formuleringa er eksplisitt nemnt i barnevernslova er den likevel ein grunnleggande verdinorm (Lindboe, 2006). I st. meld. 40 (2001-2002 s. 10) heiter det at, «Det biologiske prinsippet» har kome klart til uttrykk i forarbeida både til barnelova og barnevernslova sjølv om vi ikkje finn det uttalt i teksten. Den Europeiske menneskerettighetsdomstol vektlegg begrepet i dommar i barnevernsaker. Avgjersler i Den Europeiske menneskerettighetsdomstol etter Den Europeiske menneskerettighetskonvensjon er ein del av norsk rett (Lindboe, 2006). I den grad det er forsvarleg og praktisk mogleg, skal barn alltid vekse opp hos sine foreldre. Prinsippet gir uttrykk for at barn har eit behov for å halde på dei biologiske banda som vert knyta allereie kort tid etter fødselen.

Killèn (2004) seier at tilknytning handlar om at, alle barn knytar seg til sine omsorgspersonar, og at dette er ein nødvendighet for å overleve. Ei tilknytning til sin omsorgsgjevar, tyder at barnet knytter eit band omsorgsgjevaren som barnet ikkje har til andre personar. Eit skilje frå omsorgsgjevarane kan resultere i depresjon hos barn (Killèn, 2004). Eg vil legge til at Killèn si forskning på dette område er omdiskutert, og mange stiller spørsmål med dei konklusjonane ho dreg. Når eg tek høgde for usemja rundt desse resultatata, vil eg likevel antyde at barnevernet skal streve etter å oppretthalde banda mellom barn og tidlege omsorgsgjevarar, som oftast er dei biologiske foreldra. Foreldre er altså i utgangspunktet ønska som omsorgsgjevar av barnevernet, og foreldre kan såleis utvikle tillit til barnevernets arbeid. Det tredje prinsippet kallar ein «minste inngreps prinsipp». Ut frå bvl. § 2. ledd, heiter det at,

*”Undersøkelsen skal gjennomføres slik at den minst mulig skader noen som den berører, og den skal ikke gjøres mer omfattende enn formålet tilsier. Det skal legges vekt på å hindre at kunnskap om undersøkelsen blir spredt unødige.”*

Ved å anvende «minste inngripens prinsipp» kan ein bidra til å redusere den følelsen av avmakt og frykt som mange familiar i kontakt med barnevernet opplever. Det er ei stor nok belastning å være i kontakt med barnevernet i seg sjølv, og då kan det være ein tryggleik å vite om kva prinsipp barnevernet arbeidar ut ifrå. Men ein føresetnad for at desse prinsippa skal være med å skape legitimitet for barnevernet er at dei er kjent i befolkninga. Eg antar eg at dei berre i liten grad er kjent blant befolkninga generelt, og også i for liten grad blant brukarane av barnevernet. Dette grunngir eg i haldninga i befolkninga til barnevernet som tilseier at desse prinsippa ikkje er kjent, samt at opplysningsarbeidet barnevernet driv framstår som mangelfullt for meg. Manglande kjennskap i befolkninga til barnevernets arbeidsrammer er eit problem for legitimiteten til barnevernet.

Eg skal no ta føre meg taushetsplikta som også er eit viktig element i grunnlaget for barnevernet sin legitimitet, taushetsplikta omhandlar reglar for kva informasjon ein kan innhente om barnevernet sine brukarar, og kven ein kan dele denne informasjonen med. Opplysningsplikta omhandlar plikta offentlege etatar har til å opplyse barnevernet ved mistanke om omsorgssvikt.

#### **4.4 Taushetsplikt og opplysningsplikt**

Eg skal i denne delen sjå på taushetsplikta som eit element som er meint å skape legitimitet. Lovverket gir føringar for korleis barnevernet skal ta omsyn til informasjon dei innhentar. Opplysningsplikta er eit unntak frå taushetsplikta, og er meint å bidra til at barnevernet når fram til barn og unge med vanskelege oppvekstvilkår. Eg skal diskutere både taushetsplikta og opplysningsplikta i denne delen.

Vernet om klientane sitt privatliv skal ivaretaast av taushetsplikta. Taushetsplikta blir omtalt i Bvl. § 6-7, som igjen syner til forvaltningslova §§ 13 til 13e, og denne gir klientane eit vern mot at opplysningar om saksforhold, og tiltak frå barnevernet si side, vert spreia til uvedkommande. Weber (1990) seier at eit av grunnlaga for legitimitet er at ein har bestemte lovar og regler som skal sikre innbyggjarane sine rettigheter. Ein slik rettighet er vern av privatlivet som blir ivaretatt av taushetsplikta. Taushetsplikta omfattar i praksis ein kvar opplysning som barnevernet innhentar i forbindelse med ei sak. I samanheng med taushetsplikta, er også opplysningsplikta relevant, jf. Bvl. §6-4 2. Og 3. Ledd. For at barnevernet skal få tilstrekkelig informasjon, pålegg ein i nokre tilfelle meldeplikt og opplysningsplikt utan hinder av taushetsplikta (Lindboe, 2006). Desse paragrafane gir samarbeidspartnarar av barnevernet plikt til å opplyse om mistanke om omsorgssvikt, mishandling eller alvorlege åtferdsforstyringar. Desse unntaka frå taushetsplikta er meint å bidra til at barn og unge i vanskelege livssituasjonar ikkje vert hindra i å få hjelp grunna taushetsplikta. Eg ser på opplysningsplikta som eit nødvendig unntak frå taushetsplikta, og det kan være eit element som styrker legitimiteten til barnevernet. Styrka legitimitet kjem av at fleire barn vil få rett hjelp til rett tid. Men for at taushetsplikta skal styrke legitimiteten er det viktig at den er kjent blant brukarar og befolkning. Som tidlegare nemnt er eg i tvil om brukarar og befolkning kjenner godt til barnevernets arbeidsrammer.

Taushetsplikta for tilsette i barnevernet er skjerpa i forhold til resten av forvaltninga. Dette er uttrykt i Bvl. § 6-7, 2. Ledd. Omsynet til personvern og tillit veg i utgangspunktet høgare enn

til dømes omsynet til eit åpnare barnevern (Figenschow m.fl. 2006). Klientane skal leve i tryggleik om dei ynskjer å halde sitt forhold til barnevernstenesta unna offentlegheitas lys. Familiar som ønskjer hjelp av barnevernet skal ha tillit til at den kontakta dei har med barnevernet ikkje er til allment innsyn. Barnevernet er eit til dels tabubelagt område, og foreldre kan føle utilstrekkelegheit og skam i det å få hjelp av institusjonar utanfor familien. Å være i kontakt med barnevernet kan opplevast som stigmatiserande. Eit godt personvern skal skape tillit til at kontakten med barnevernet blir ei privatsak. Men i kontrast til at taushetsplikta skal skape legitimitet blant brukarane, kan den svekke legitimiteten til befolkninga generelt. Barnevernet kan opplevast som lukka grunna mangelen på informasjon. Til dømes kan "ingen kommentar" frå barnevernet opplevast som om ein gøymer seg bak taushetsplikta. Men dette er eit tema som eg kjem inn på i del 5.2 i oppgåva, der eg skal ta opp kva faktorar som svekkar legitimiteten i barnevernet.

Eg vil trekke fram taushetsplikta som eit av dei viktigaste føresetnadane for barnevernets funksjon, og den skal som før nemnt trygge brukarane frå allment innsyn i deira sak, og at personopplysningar vert spreidd. Men som tidlegare nemnt, er det skjerpa personvernet og opphav til diskusjon om kor vidt barnevernet er ein lukka institusjon. Det vert og hevda frå ulike hald, og spesielt i pressa, at barnevernet skjuler seg bak taushetsplikta i saker der dei utfører overtramp mot brukarane. Dette vil eg også komme meir inn på seinare i oppgåva, men eg konkluderer foreløpig med at taushetsplikta spelar ei viktig rolle for legitimiteten i barnevernet. Det neste eg skal diskutere er etikk. Element eg vil ta føre meg er etisk medvit og profesjonell yrkesetikk.

#### **4.5 Etikk i barnevernet**

Eg vil starte med å sjå på det yrkesetiske grunnlagsdokumentet. I tillegg til handlingsrammer som er forankra i Norsk lov, tek barnevernet og omsyn til etiske prinsipp i utføringa av sitt arbeid. I "Yrkesetisk grunnlagsdokument for barnevernspedagoger, sosionomer og vernepleiere" er eit av målsetningane,

*"å bidra til å legitimere utøvelsen av yrket og være et element i utvikling av yrkesidentitet."*

I dette legg eg at ein ønskjer å skape tillit gjennom å framstå som best mogleg skikka til arbeidet ein utfører som barnevernspedagog. Etisk medvit i utføring av barnevernsarbeid er viktig med tanke på å skape tillit til barnevernet. Etisk medvit kan bidra til å oppretthalde



omsorgsimpulsen i tider der arbeidspress og sløvande rutinar trugar omsorga (Aadland, 2000). Det fenomenet at rutinar og regler blir mål i seg sjølv er ein risiko i alle byråkratiske organisasjonar, og dette var ein trussel Weber (1990) peikte på. Eg meiner at etisk medvit er eit viktig poeng, fordi etikken kan bidra til å halde fokuset på rett plass spesielt i tider der arbeidspresset er stort, og det kan være freistande å velje dei enkle løysingane og la rutinane få forrang framfor brukarane. Omsorgsimpulsen fungerer som ein refleks som bidreg til å gjerd dei riktige vala i situasjonar der det finnast enklare, men mindre etisk riktige val. Då er det viktig å reflektere over korleis ein sjølv ville blitt behandla om ein var i same situasjon. Ein vil alltid måtte ta omsyn til etiske aspekt ved det å jobbe med barn og barnefamiliar, slik som ein har innanfor eit kvart omsorgsyrke. Yrkesetiske retningslinjer skal være med på å trygge at ein som yrkesutøvar opptrer på ein ikkje-diskriminerande og open måte ovanfor sine klientar. Det heiter i rammeplan for barnevernspedagogutdanning (2005) at

*”Utdanningene skal søke å ivareta et helhetlig syn på mennesket og fremme verdier som rettferdighet, ansvarlighet og solidaritet.”*

Ein skal som utdanna barnevernspedagog ha ein profesjonell yrkesetikk som ivareteke klientane som individ, med tilhøyrande fridom og integritet (Aadland, 2000). Dette kan etter mi meining skape legitimitet i barnevernet. Eit anna element ved etikken, er at den kan bidra til å verne klientane mot maktovergrep. Aadland (2000) trekk fram at, ein som hjelpar skal være bevisst på den makta og overtaket ein innehar ovanfor brukaren. Ein må ha evna til å setje seg inn i den andres situasjon så ein ikkje misbruker denne makta. Eg meiner at for å skape tillit til meg som hjelpar, er det viktig å være bevisst på dette. Føler brukarane at dei er utsett for maktmisbruk, vil dei ikkje få tillit til hjelparen, eller barnevernet. Og dette kan forplante seg til resten av befolkninga. Når ein høyrer om maktmisbruk i barnevernsaker vil dette påverke legitimiteten til barnevernet.

#### **4.6 Legitimitet i eit idealtypisk barnevern**

For å avslutte analysen av kva element som skapar legitimitet i barnevernet, kan eg påpeike at barnevernet ønskjer å framstille seg som ein open, moderne og utviklingsretta teneste, som skal fungere til beste for barn og råka familiar (Et åpnere barnevern, 2006). Barnevernet har mange av trekka som skal til for å skape legitimitet i befolkninga. Element eg har diskutert er lovfesta rett til inngrep i barn og familiars kvardag. Med lover som sikrar enkeltindividets rettssikkerhet, skal barnevernstjenesta være eit bidrag som er med på å trygge oppveksten for barn og unge i Noreg i dag. Etisk refleksjon over det jobbe med barn og familiar er eit anna

element som skal styrke legitimiteten til barnevernet. Når ein ser på desse faktorane, skulle dei, om ein tek høgde for at barnevernet utfyller den funksjonen det er satt til, tilsei at barnevernet er ein institusjon i samfunnet, med høg grad av legitimitet. Som eg kjem tilbake til seinare, er ikkje dette tilfellet for barnevernet i Noreg i dag. Kva faktorar som spelar inn på å forme legitimiteten i barnevernet i dag vil eg ta føre meg i neste del av oppgåva.

## **5.0 Kva faktorar svekker barnevernets legitimitet**

Verklegheten for barnevernet er ikkje i alle tilfelle slik som eg har skissert opp over. Det er fleire årsaker til at legitimiteten i barnevernet er svekka. Eg byrjar med dagens barnevern, og vil sjå på forskjellen i tillit til barnevernet hos brukarar og resten av befolkninga, og kva konsekvensar dette gir.

### **5.1 Verklegheten i barnevernet**

Det eg har vist til tidlegare i oppgåva, er eit byråkratisk sett velfungerande barnevern, som løyser oppgåvene sine i tråd med dei direktiva dei er pålagt av staten. Myndigheit som krevjast for å oppfylle embedsoppgåver er fordelt på ein fastsett måte, og nøye regulert med omsyn til dei tvangsmidlane ein som embedsansatt er henvist til å bruke, i tråd med Webers (1990) modell over byråkratietts kjenneteikn. Gjennom lovar og bestemmingar, kvalitetssikringsdokument, og strategiar, skal barnevernet løyse oppgåva som den byråkratiske forlenginga av staten inn i familiane. Dei skal trygge barns oppvekstvilkår, og samtidig være hjelpar og kontrollør for foreldre som ikkje maktar oppdraginga av sine barn på ein god nok måte. Om barnevernet forvaltar denne tilliten dei er gitt av folket, så ser eg få hindringar for at barnevernet skal ha høg legitimitet i befolkninga. Dei som er i kontakt med barnevernet skal ha tillit til at barnevernet gjer sitt yttarste for å bistå barn og familie, og at dei berre som yttarste konsekvens går til drastiske skritt som omsorgsovertaking. Befolkninga generelt skal også ha tillit til barnevernet fordi dei stoler på at dei avgjerslene som blir gjort i barnevernet er til barnets beste, fordi det er kompetanse i dei ledda som tek avgjerslene, og lovverket som beskyttar enkeltindividets interesse er ivaretatt. I sum skal barnevernet idealtypisk sett ha legitimitet i eit breitt lag av folket i kraft av sin innsats. men det er eit dokumentert faktum at barnevernet har låg legitimitet i befolkninga generelt. Bufetat sitt strategidokument "Et åpnere barnevern" (2006), viser til ei undersøking utført i 2003 der 17,3 prosent av befolkninga har eit meget eller ganske godt inntrykk av barnevernet, medan 43,7 prosent har dårlig eller veldig dårlig inntrykk av barnevernet. Eit fullt så negativt bilete gir ikkje ei undersøking MMI utførte tre år seinare (Berntsen, 2006). Her kjem forskarane

fram til at medan 21 prosent av befolkninga har eit meget eller ganske godt inntrykk barnevernet, har 31 prosent eit dårlig eller veldig dårlig inntrykk av barnevernet. Ein kan då på bakgrunn av desse to undersøkingane konstatere ein positiv utvikling i inntrykket av barnevernet. Sjølv om legitimiteten kanskje har auka, er den fortatt svak.

Det er naturleg å samanlikne tilliten brukarane av barnevernet har, opp mot tilliten i befolkninga generelt. Dette fordi det kan gje ein peikepinn på om det er manglar med tenesta som fører til den dårlege legitimiteten i barnevernet. Til dømes viser ei undersøking frå NTNU (Bratterud m. fl. 2006) til at omkring 80% av ungdommane i undersøkinga er fornøgd med den hjelpa dei har motteke frå barnevernet. Dette viser ein betydeleg forskjell i tillit til barnevernet mellom brukarar og resten av befolkninga. Eg kan ikkje med sikkerheit sei kva faktorar som spelar inn. Men eg kan anta at til dømes pressedekninga av enkeltsaker som Kvæningen-saka, og generelt den negative framstillinga som barnevern opplever i media, er ein del av årsaka. Eg vil komme nærare inn på medias rolle seinare i teksten, og trekke fram enkeltksempel eg meiner illustrerer medias rolle. Men ein kan ikkje berre skulde på media. Eg vil og sjå nærare på den rolla barnevernet spelar når det gjeld å kommunisere utover mot befolkninga. Eg skal diskutere om barnevernet er flinke nok til å opent kommunisere sine verdiar ut mot befolkninga. Dette heng saman med handhevinga av taushetsplikta.

## **5.2 Taushetsplikta i barnevernet kan redusere legitimiteten**

Tidlegare i oppgåva har eg skildra taushetsplikta som eit element som kan styrke legitimiteten i barnevernet. Men det kan sjå ut som at taushetsplikta fungerer som eit toegga sverd, der den på den eine sida styrkar brukarane sin tillit til barnevernet, medan den samtidig fører til ei meir allmenn oppfatning av barnevernet som eit lukka og system med noko å skjule. Eit godt eksempel på dette er Kvæningen-saka, der taushetsplikta som vart brukt for å skjerme barn og mor i saka, førte til at familien oppfatta seg som motarbeidde og ført bak lyset av barnevernet. Dette påverka befolkninga sitt syn på barnevernet fordi barnevernet vart framstilt svært ugunstig i pressa. Kvæningen-saka er ei barnevernsak som i stor grad fekk befolkningas merksemd. Det handlar i grove trekk om ei mor i eit lite lokalsamfunn, som vert fråteken omsorga for sine to barn. Barnevernet vart stort sett kritisert for å ha gjort ei rekke gale beslutningar, men i ettertid må også pressa tole ein del kritikk for si handsaming av saka (Figenschow m. fl. 2006). I skrivande tidspunkt har Svanhild tapt alle ankesakene ho har ført mot barnevernet. Denne saka reiser ein del viktige spørsmål rundt taushetsplikta i

barnevernet, og til dels kritikk av barnevernets manglande openheit. Ein del av kritikken er retta mot mangelen på innsyn i fylkesnemda sine vedtak i sakene.

*”Dagens regelverk om publisering av fylkesnemdvedtak og dommer er mangelfullt og ikkje tilpasset et uttalt ønske om innsyn i fylkesnemdenes vedtak. Reglene på dette området bør harmoniseres slik at man får en ensartet praksis for innsyn... et er midlertidig vanskelig å sikre en større åpenhet uten at man foretar en revisjon av flere regler som hindrer innsyn i barnevernsaker. Behandlingen av kvæningen-saken og den praksis som ble ført med hensyn til innsyn i denne saken, viser at det er et behov for en gjennomgang av dagens mangelfulle regelverk.”* (Figenschow m. fl. 2006, s. 155-156).

Slik eg ser det er dette eit spørsmål om meir openheit, opp mot eit sterkt personvern. Mangelen på innsyn i prosessen rundt eit fylkesnemdsvedtak er eit element som kan forsterke inntrykket av eit lukka barnevern. I motsetnad til dømes lagmannsretten, der det offentlige har større moglegskap til å overvære prosessen, og media har større rett til å referere frå sakene, er dette ikkje tilfelle i fylkesnemda. Ei fylkesnemd er skjerma frå innsyn, og såleis er beslutningstakinga unnateke frå offentleg kritikk. Når fylkesnemda står som eit organ unnateke frå offentleg innsyn, vil eg anta at offentlegheita stiller seg kritisk til deira beslutningar. Figenschow m.fl. (2006) argumenterer også for at ei meir open behandling av fylkesnemdsaker vil kunne føre til styrking av legitimiteten i barnevernet, ved at ein fjernar myter om barnevernet og styrkar tilliten gjennom ei mest mogleg lik behandling som den i straffesaker. Dette nemnast også i St. meld. nr. 40 , der det står at når ein brukar offentleg makt ovanfor private borgarar, reknar ein med at media, og det innsynet dei får, og kontrollfunksjonen deira, skal være med å garantere rettstryggleiken. I Kvæningen-saka skapte mangel på innsyn eit press mot barnevernet, og kritikk av metodar og beslutningar.

Ei slik sak bidreg til mistillit mot barnevernet og svekka legitimitet er konsekvensen. At sakshandsaminga kviler på lovar og reglar som stortinget har vedtatt, og at det er tale om ein autoritet basert på lover, regler og formaliserte rutinar, blir usynlig. Eg meiner at med auka innsyn kan ein og heve legitimiteten til barnevernet hos befolkninga. Dette fordi meir openheit rundt barnevernets arbeide og beslutningsprosessar, vil føre til ein auka forståing for kvifor slike avgjersler må takast. Men eg vil og spørje om det gagnar dei saka faktisk gjeld. Vil eit auka innsyn føre til dårlegare personvern, og svekke legitimiteten til barnevernet blant brukarane av barnevernet? Eg meiner ein kan risikere å eit dilemma der valet står mellom styrka/svekka personvern opp mot svekka/styrka legitimitet for barnevernet. Om tilfellet er at

ein aukar legitimiteten i befolkninga generelt, men svekker den blant brukarane, kan det være at ein må tole den svekka legitimiteten i befolkninga.

Den tidlegare nemnte Kvænangen-saka gir eit eksempel på taushetsplikta som hinder for eit godt samarbeid og tillit til barnevernet. Både i ”Barnevernet i Norge” (NOU 2000:12) og i St. meld. 40, vert det påpeika viktigskapen av å sjå på moglegskapen for å bruke nær familie som fosterforeldre i saker der det vert snakk om omsorgsovertaking. I Kvænangen-saka vart aldri Svanhilds foreldre kontakta, fordi Svanhild nekta barnevernet å informere dei næraste om omsorgsovertakinga. Her gjer bestemmingane i taushetsplikta til at barnevernet ikkje får moglegskap til å vurdere familien til Svanhild som fosterforeldre. Skulle ein vurdert foreldra som fosterforeldre, ville det i praksis sei at ein også hadde informert familien om at barnevernet vurderte omsorgsovertaking for barna til Svanhild. Dette vart i denne saka sett på som brot på taushetsplikta. Dette er eit vanskeleg tilfelle, der ein nok ville fått ulike utfall ut frå kven som handsama saka, sidan om ein tek barnets beste og det biologiske prinsipp til følgje kjem det her i direkte konflikt med taushetsplikta. Men med ei slik tvetydighet i lova, kan det lett verte oppfatta som uklare signal frå barnevernet om kva praksis dei har. Dette meiner eg svekkar legitimiteten til barnevernet, og då spesielt hos brukarane.

Politiske styringsorgan er barnevernets arbeidsgivar. Kva støtte, og motstand som er å finne på politisk plan er viktig for legitimiteten til barnevernet hos brukarar og befolkning. Neste del skal ta føre seg det politiske klimaet barnevernet legitimerast under. Eg trekke fram dei faktorane eg meiner er viktigast for den svake legitimiteten til barnevernet. Eit døme på dette er skilje mellom høgre og venstresida i norsk politikk.

### **5.3 Politikarar og barnevernet**

Weber (1990) definerer politikk som leiinga av, eller innflytelsen på eit politisk samband, i dag kjent som staten. Forskjellige politikarar, og forskjellige politiske parti jobbar for å utøve innflytelse på korleis barnevernet skal drivast. Det er politisk einigheit om at alle barn i Noreg skal få moglegskap til ein trygg og god oppvekst. Men det er politisk usemje om kva for rolle barnevernet skal spele i trygginga av barn og unges rettigheter. Det er sider i politikken som meiner barnevernet er overstyrande og har for mykje makt forhold til innbyggjarane sin autonomi. Det er høgre-venstre skiljet i politikken eit eksempel på. Høgresida er på si side for sterkare sjølvråderett hos foreldre, og meiner barnevernet har for mykje makt, medan venstresida er for eit sterkt barnevern med utstrekke rettar til inngripen i familiens privatsfære. Eit slikt skilje gir ein peikepinn på at det også er delte meiningar i befolkninga om i kva grad

barnevernet skal ha den funksjonen dei har i dag. Eg meiner at barnevern er eit delvis tabubelagt tema for politikarar. Politikarar engasjerer seg generelt sterk i kampen for dei svake, til dømes eldre. Ein har som tidlegare nemnt politisk oppslutning om at barn skal ha eit best mogleg oppvekstmiljø, at ein skal ha full barnehagedekning osv. Det er brei politisk einigheit om at barna er ein ressurs som må takast vare på, og som må ha sterk rettssikkerhet, dette kan ein lese ut av både barnelova, barnevernslova og FN sin menneskerettighetslov, med barnekonvensjonen, som Noreg har lagt seg under.

Men støtta til barnevernet kan framstå som svak. Dette er noko Edda stang understøttar i sin rapport om Framstilling av barnevernet i laussalpressa (Stang, 2007). Ein av tendensane ho finn er at,

*” Når det gjelder politikere derimot, ser det ut til at barnevern er en av de velferdsstatsområder hvor disse er spesielt lite aktive” (Stang 2007 s. 83).*

Eg meiner at det å være politikar ikkje berre handlar om politiske ideal, men og om å få oppslutning. Det finnast nok politikarar som styrer unna barnevernsfeltet, grunna barnevernets låge legitimitet. Eg meiner at mange politikarar ikkje reknar barnevernsfeltet som ein egna arena å drive politisk profilering på. Det vert ein vond sirkel der barnevernet manglar legitimitet, og dermed ikkje får den støtta dei treng frå politisk hold. Såleis er det verre for barnevernet å få tillit i folket. Ein har derimot politikarar som raskt er framme med peikefingeren når det kjem saker opp som set barnevernet i eit dårleg lys, til dømes Kvæningen-saka. Her var Jan Gunnar Ballo, som profilert stortingsrepresentant og SV-politikar, ute og uttalte seg kritisk om Kvæningen barnevernskontor si handtering av saka, på grunnlag av informasjon han hadde fått i pressa (Figenschow m. fl. 2006). Når profilerte politikarar er ute og uttalar seg negativt om barnevernet, vil eg anta at det undergrev legitimiteten til barnevernet. Politikarane er arbeidsgjevaren til barnevernet, og kritikk retta mot barnevernet kan sjåast på som todelt.

For det første kan kritikken sjåast på som relevant fordi ein frå politisk hald kan oppleve det som ein mangel frå barnevernet i utføringa av lovpålagte oppgåver. Weber (1990) poengterer at for å oppretthalde legitimitet, uavhengig av kva herredøme det er tale om, er ein avhengig av lydighet frå forvaltningsstaben, som barnevernet i denne samanhengen er eit døme på. Om barnevernet handlar galt er det relevant med kritikk frå dei som utarbeidar og vedtek lovene, for å rette opp i forholda. Dette kan på lang sikt styrke legitimiteten dersom kritikken vert møtt med forståing og påfølgande endring frå barnevernet si side. For det andre kan eg sjå på

det som ansvarsfråskrivning, då det er politikarane som er makthavarar ovanfor barnevernet. Det er politikarane sitt ansvar at barnevernet har handlingsrammer og midlar til å gjer ein god nok jobb. Om ein då kritiserer barnevernet frå politisk hald kan ein sjå på dette som ansvarsfråskrivning. Men om kritikken når ut til befolkninga, vil den uansett kunne svekke legitimiteten til barnevernet. Det er politikarane sin jobb å passe på at forvaltninga løyser oppgåvene sine på ein korrekt måte, men når det kjem kritikk, basert på presseoppslag, og ikkje på sakas fakta, er det lett å sjå dette som feilaktig kritikk. Dette påstår eg med utgangspunkt i korleis media fungerer. Feilaktig kritikk om barnevernet framsett i media, svekkar likevel legitimiteten til barnevernet. Men medias rolle skal eg komme grundigare inn på seinare i teksten. Eg vil her fortsette med Jon Alvheim sine 10 bod.

Den avdøydde politikaren, og tidlegare leiaren av helse og sosialkomiteen på stortinget, Jon Alvheim, lanserte i si tid 10 bod, som var meint som ein åtvaring mot barnevernet. Her er til dømes bod som,

*”hold kjeft, alt du sier kan brukes mot deg”,” påklag alle beslutninger” og” husk at når barnevernet prater om hjelpetiltak, så mener de som regel omsorgsovertakelse eller overvåkning” (Alvheims 10 bod).*

Som ein ser her er ordlyden svært krass, og ein finn sterke formuleringar. Bodas sannhetsgestalt er ikkje eit tema her, men det som er interessant er å sjå uttalt ei så kraftig kritikk av barnevernet, av ein tidlegare så profilert politikar. Alvheim var Frp-politikar og stod langt til høgre politisk sett, og kan ikkje seiast å være representativ for høgresida. Som tidlegare nemnt er tradisjonelt sett høgresida for minst mogleg statleg innblanding, medan venstresida er for eit sterkare statleg styring. Ein slik kritisk haldning til barnevernet vil svekke legitimiteten i større eller mindre grad alt etter oppslutning blant andre politikarar, og kva posisjon dei kritiske røystene har. Innanfor barnevernssektoren, er Alvheim eit eksempel på kritiske røyster som svekkar legitimiteten.

Eit anna eksempel på skiljet i synet på barnevernet i norsk politikk er den lovfesta retten til ettervern. Det var relativt stor tverrpolitisk einigheit om at dette måtte lovfestast, i 1997, men partia Høgre og Fremskrittspartiet stemte imot. Denne politiske usemja skapar splid om barnevernets legitime ansvarsområde. Det at ein ikkje har ei samla politisk einigheit om at det er eit behov for eit sterkt barnevern, med moglegskap for inngrep i barn og familiars livsverd, svekkar barnevernets legitimitet. Høgre-venstre skilje i politikken bekreftar at all politikk handlar om interesser og verdisyn som står imot kvarandre. Dette er drivkrafta bak politikken.

Eg har no tatt føre meg dei politiske faktorar som eg meiner svekkar barnevernets legitimitet. Både manglande politisk støtte, og open kritikk av barnevernets arbeid er med på å svekke legitimiteten til barnevernet. Politikarar formar haldningar hos befolkninga, og deira stemmer har i kraft av sine stillingar påverknad på kva legitimitet barnevernet har i befolkninga. Media er representert i denne delen fordi politikarane kommuniserer med befolkninga gjennom media. Men til forskjell frå neste del som skal handle om media, handla denne delen om politikarane si rolle i spørsmålet kring legitimitet i barnvernet. I neste del vil eg komme djupare inn på kva rolle media spelar kring den låge legitimiteten til barnevernet.

#### **5.4 Media si framstilling av barnevernet og svekka legitimitet**

Media gjennomsyrrer vår kvardag. I ein kvar diskusjon om legitimitet i barnevernet er det vanskeleg å komme utanom media. Stang (2007) ser på framstillinga i barnevernet i riksavisene Vg og dagbladet. Sjølv om ho påpeikar at denne analysen på ingen måte kan seiast å være representativ for eit samla pressekorps eller det bildet avisene gir generelt, så gir det viktige peikepinnar. Ho understrekar også at artiklane er henta frå eit avgrensa tidsrom, og at det må takast høgde for dette. Men resultata ho kjem fram til er at av 118 artiklar totalt, så gir 6 av dei ei positiv framstilling av barnevernet, 36 gir ei nøytral eller basert framstilling, og 76 gir ei negativ framstilling (Stang, 2007). Med høgde for avvik frå materialet som er brukt i undersøkinga, vil eg likevel trekke fram mengda negative artiklar, og det som kan beskrivast som eit bortimot fråvær av positivt vinkla artiklar. Pressa har hausta kritikk for å framstille enkelte barnevernsaker som ei konflikt mellom to partar, barn/foreldre og barnevernet (Figenschow m. fl. 2006). Det pressa har vanskeleg for å formidle er barnet og barnets stemme i ei sak. Det vert ofte tatt for gitt at foreldre og barn ønskjer det same, og pressa har sjeldan eller aldri anledning til å framstille eit barns syn på saka. Barnets eige perspektiv vert borte viss det vert sett likskapsteikn mellom barn og foreldres behov (Stang, 2007).

Eg ser pressas problem med å framstille eit barns syn på ei sak. For det første kan ein spørje seg kor vidt det er forsvarleg å la til dømes ein 9-åring uttale seg til pressa. Ein annan ting er kor vidt ein kan stole på den informasjonen ein mottok. Barn er ofte i ei lojalitetskrise mellom foreldra og sine eigne ønskjer, og informasjonen dei vil gje kan være farga av dette. Det er heller ingen tradisjon, og med god grunn for at mindreårige skal måtte uttale seg om slike alvorlige tema som ei barnevernssak er, til pressa. Difor er det naturleg at pressa i si framstilling vel å behandle foreldre og barn som eitt. Dette står etter mi meining i skarp



kontrast til barnevernet sin måte å behandle barn og foreldre som enkeltindivid, der ein ikkje utan vidare kan godta at det alltid er slik at foreldres beste og barnets beste er samanfallade.

Stang (2007) konstaterer at det skrivast mykje negativt om barnevernet i VG og Dagbladet. Ho viser og til at i dei fleste av enkeltsakene står avisene som forsvarar av det lille mennesket mot staten i form av barnevernet. Dette er i tråd med pressa sin ”vær varsom-plakat” som blant anna seier at,

*”det er pressens ansvar å beskytte enkeltmennesker og grupper mot overgrep eller forsømmelser fra offentlige myndigheter og institusjoner...” (Vær Varsom-plakaten punkt 1.5.)*

Men Stang (2007) stiller også spørsmål om kven som er den svake parten i ei barnevernsak, og seier at oftast er det foreldra som vert framstilt som den svake parten. Som eg har nemnt før i teksten så vært ofte barn sine behov sidestilt med foreldras. Då kan ein stille seg kritisk til om media ikkje overser barnet som eigen part i ei sak, og anerkjenner dei som den verkelege svake parten i ei sak. Dette kan i enkelte saker føre til ei skeiv vinkling der tilliten til barnevernet vert svekka fordi barnets stemme forsvinn i medias framstilling. Den vinklinga pressa gir i barnevernsaker er altså overhengande negativ. Dette meiner eg ikkje reflekterer verkeleggheta i barnevernet. Denne negative vinklinga svekkar barnvernets legitimitet.

Delen om medias framstilling av barnevernet og svekka legitimitet avsluttar delen av oppgåva om kva faktorar som svekkar legitimiteten i barnevernet. Eg vil i neste del oppsummere dei funna eg har gjort, og sjå på kvifor eg meiner legitimiteten i barnevernet er låg.

## **6.0 Svekka legitimitet i barnevernet**

I denne delen oppsummerer eg dei funna eg har gjort om faktorar som svekkar barnevernets legitimitet. Eg vil og trekke fram nokre nye element som ikkje passa inn i dei føregående delane, men som er viktige når eg oppsummerer den låge legitimiteten. Eg meiner at avstanden mellom kva brukarar i barnevernet opplever og kva som vert kommunisert ut til befolkninga svekkar legitimiteten. Kommunikasjonen mellom barnevernet og befolkninga er ikkje alltid tilstrekkelig nok til å få fram det arbeidet barnevernet gjer.

Alle har vore barn, og hatt omsorgspersonar. Mange er og foreldre sjølv. Det er noko dei fleste kan identifisere seg med. Dei fleste har og hatt ein god oppvekst. Når ein då ser oppslag i pressa om grov omsorgssvikt er det mogleg at dette er ei verkelegheit vi kan ha vanskeleg for

å tru. Det er så nært, og egne erfaringar tilseier for dei som ikkje har opplevd liknande før, at foreldre ikkje kan være så grusomme. Om ein derimot les om barnevernets sine urette handlingar, framstår gjerne dette som meir truverdig. Barnevernet er lettare å framstille som ein ansiktslaus byråkratisk masse, og meir truverdig som ein øydeleggar av familiar. Dette er noko Weber (1990) peiker på når han beskriver byråkratiet som eit apparat med upersonleg karakter, og seier vidare at ei høg grad av byråkratisering føreset at personlege følelsar og uberegnlege element sjaltast ut. Det som er fjernt frå vår livsverden er lettare å sjå føre seg i ei negativ rolle, enn noko som vi har kjennskap til, som familie.

Ein del av kritikken som vert retta mot barnevernet går på at barnevernet ikkje tek nok omsyn til foreldra i ei barnevernsak, og at dei handlar mot det biologiske prinsipp. Synet går ut på at det er for lett for barnevernet og ta barn ut av heimen, og vagt prosederte saker endar for ofte i omsorgsovertaking. Då er det eit paradoks å lese historiene som Reidun Føllesø presenterer i boka "saman om barnevern" (2006). Her har ho intervjuat 11 barn og ungdommar som alle har vore barn av barnevernet. Barnevernet får også her kritikk, men eit gjennomgåande tema er her at barnevernet heller har vore for usynlege, og handla for tregt. Fleire av ungdommane meina dei burde vorten teke ut av heimen på eit mykje tidlegare tidspunkt (Føllesø, 2006). 11 barn og ungdommar kan på ingen måte seiast å være eit representativt utval for dei mange som har vore under barnevernets omsorg, men det gir likevel ein verdifull innsikt i brukarane sine tankar rundt barnevernet. Føllesø nemner og i si avhandling om landsforeningen for barnevernsbarn (2004), at når ungdommane som har vore under barnevernets omsorg etterlyser eit sterkare og meir handlingsorientert barnevern så blir det møtt med taushet frå andre kritiske røyster av barnevernet. Når barnevernsbarna beskriver barnevernet som gamaldags og splittande, vert kritikken møtt med andre kritikarar av barnevernet som inkluderer barnevernsbarna sine synspunkt i sin kritikk mot barnevernets metodar (Føllesø, 2004). Barnevernsbarna sine synspunkt vert tatt ut av samanheng, og brukt som ein type kritikk av barnevernet som barnevernsbarna ikkje nødvendigvis står inne for. Dette gir det nok eit eksempel på den tvetydigheten som barnevernet både vert utsett for, og sjølv kommuniserer. Som før i teksten der eg nemnte at brukarane var meir fornøgd med barnevernets tenester enn befolkninga generelt, ser ein her eksempel på liknande tendensar. Brukarane kommuniserer eit anna syn enn kritikarane.

Ein er sjølv sagt ikkje sikra mot menneskelege feil når ein jobbar i barnevernet, og det finnast få fasitsvar på dei ulike barnevernssakene. Om eg skal forsøke å oppsummere nokre av funna

mine, så er det i hovudsak at det for meg verkar som det eksisterer ein viss utydelegheit i barnevernet. Det kan sjå ut som om barnevernet ikkje i tilfredsstillande grad klarer å nå ut til allmennheten med sitt budskap om verksemda. Hos brukarane, som er den viktigaste gruppa, finnast det fleire som er nøgde med barnevernet sitt arbeid. Dette gir meg og ein peikepinn på at media si framstilling av barnevernsaker kan være prega av for mykje sensasjonsstoff, og til ei grad ei feilslått oppfatning om kven som er den svake part i ei barnevernsak. Eg meiner at stemma til barnet står i risiko for å drukne i stemma til foreldra, når desse to stemmene ikkje alltid snakkar om den same verkelegheiten. Som vi såg tidlegare så har det vore ei auke i talet på dei som har tillit til barnevernets arbeid, men eg meiner likevel at det bør være fokus på å heve legitimiteten i barnevernet også i framtida.

Med den viktige oppgåva barnevernet er vorten pålagt av staten er det essensielt at barnevernet har ein sterk legitimitet i befolkninga. Når dette ikkje er tilfellet i dag, må ein leite etter kor ein kan forbetre seg. Viktig er det og å kommunisere ut mot den allmenne befolkninga, slik at dei ser på barnevernet som ein tillitsvekkande institusjon som er til nytte for samfunnet totalt. Men det viktigaste er likevel å fortsette å jobbe med å møte brukarane på ein slik måte, og med slike tiltak at dei på tross av den vanskelege situasjonen det er å være i kontakt med barnevernet, likevel opplever ein organisasjon som utstråler tillit i dei oppgåvene dei gjer. At dei opplever barnevernet som ein ressurs i sine liv, og ikkje som eit statleg gap som sluker deira autonomi, og i foreldra sitt tilfelle deira barn.

## **7.0 Mangel på legitimitet i barnevernet er eit problem**

Denne oppgåva har hatt ei todelt problemstilling. Kva element er meint å skape legitimitet i barnevernet, og kva faktorar svekkar legitimiteten til barnevernet. I metoddelen har eg sett på kva litteraturval eg har gjort, og begrunna kvifor eg bruker Weber som hovudkjelde i teoridelen. Eg har diskutert mi forforståing, mine fordommar og korleis mi forforståing kan endre seg. I den neste delen har greia ut om dei viktigaste teoretisk begrepa eg har brukt i oppgåva. Legitimitet er det viktigaste begrepet i mi oppgåve. Legitimitet handlar i denne oppgåva om tillit. Barnevernet treng tillit i befolkninga for å løyse sine oppgåver på best mogleg vis. Etter teoridelen kjem eg over på første del av problemstillinga. Kva element er meint å skape legitimitet i barnevernet. Døme på element eg meiner skapar legitimitet i barnevernet er viktige prinsipp som «barnets beste», «det biologiske prinsipp» og «minste inngripens prinsipp». Etisk refleksjon over arbeidet ein utfører og taushetsplikta er andre viktige element. I den andre delen av analysen ser eg på kva faktorar som svekkar

legitimiteten til barnevernet. Her er det barnevernets reelle kvardag som diskuterast. Eg tek føre meg dei faktorane eg meiner er dei viktigaste for svak legitimitet i barnevernet. Blant dei viktigaste faktorane for svekka legitimitet er spriket mellom brukarar og befolkninga generelt i oppfatning av barnevernet. Mangle på politisk støtte, og høgre-venstre skiljet i politikken er faktorar som fører til svekka legitimitet. Media si framstilling av barnevernet er prega av ein overhengande negativ vinkling, og dette svekkar også legitimiteten til barnevernet. Eg vil avrunde med å sei at barnevernet har mange faktorar som tilseier at legitimiteten skal være høg. Når eg då konstaterer at den likevel er låg, ser eg at det finnast forbettringspotensiale både hos barnevernet og andre eksterne faktorar som media. Politikarane si haldning til barnevernet bør og endrast Barnevernet må verte flinkare å formidle sine verdiar ut til befolkninga. Politikarane må gå ut med meir openlys støtte til barnevernet og media må formidle eit meir nøytralt syn på barnevernet, og ikkje fokusere så sterkt på dei negative enkeltsakene. Med slike tiltak vil legitimiteten til barnevernet styrkast.

## litteraturliste

- Aadland, Einar. (2000). *Etikk for helse- og sosialarbeidarar*. Oslo. Det Norske samlaget
- Alvheim, Jon. *Alvheims 10 bud*. Lokalisert på verdensveven 27. November 2007:  
[http://www.barnasrett.no/Nyttig/alvheims\\_ti\\_bud.htm](http://www.barnasrett.no/Nyttig/alvheims_ti_bud.htm)
- Barne- og familiedepartementet. NOU 2000:12. *Barnevernet i Norge. Tilstandsvurderinger, nye perspektiver og forslag til reformer*. Lokalisert 20. november på verdensveven:  
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/NOUer/2000/NOU-2000-12.html?id=117351>
- Barne- og familiedepartementet. (2002). *Om barne- og ungdomsvernet*. (St. meld nr. 40, (2001-2002)). Lokalisert 12 januar 2008 på verdensveven:  
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/regpubl/stmeld/2001-2002/Stmeld-nr-40-2001-2002-.html?id=471124>
- Berntsen, Wenche. (2006). *Utvikling i holdninger til barnevernet 2003-2006*. Barne,- ungdoms,- og familiedirektoratet
- Bratterud, Åse, Binde, Ragna, Hornemann, Kristin, Husby, Inger Sofie Dahlø, Iversen, Oddmar, Munkeby, Lene og Skårstad, Anita (2006). *Ungdom med barneverntiltak –på vei mot voksenlivet*. OBVIT-prosjektet Delrapport 1, Trondheim. NTNU samfunnsforskning AS
- Fellesorganisasjonen. (2002). *Yrkesetisk grunnlagsdokument for barnevernpedagoger, sosionomer og vernepleiere*. Oslo. Fellesorganisasjonen
- Figenschow, Wenche, Ringberg, Erik og Ekanger, Merethe(2006). *Barnevern –medier og juss*. Oslo. Gyldendal Akademisk
- Follesø, Reidun( 2004). *Bruker eller brukt?*. Trondheim. Dr.Polit.-avhandling, institutt for sosialt arbeid og helsefag fakultetet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse. NTNU Trondheim
- Giertsen, Per Åge. ( 2003). *Sosialpedagogikk*. Bergen. Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS
- Halvorsen, Knut. ( 2006). *Sosiale problemer, en sosiologisk innføring*. Oslo. Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS
- Hansen, Gro Sandkjær, Helgesen, Marit Kristine og Vabo, Signy Irene. (2007). *Politikk og demokrati*. Oslo. Gyldendal Akademisk
- Hatland, Aksel, Kuhnle, Stein og Romøren, Tor Inge(red.). ( 2004). *Den Norske velferdsstaten*. Oslo. Gyldendal Akademisk
- Henriksen, Bård. (2007). *Tillit og legitimitet i det nye statlige barnevernet*. Masteroppgåve i administrasjon og leing, Helse og sosialadministrasjon. Sogndal

Hjermann, Reidar, Bunkholdt, Vigdis, Larsen, Erik, Storø, Jan, Follesø, Reidun, (Red.). (2006). *Sammen om barnevern*. Oslo. Universitetsforlaget

Killèn, Kari. (2004). *Sveket*. Oslo. Kommuneforlaget

Kommunikasjonsstrategi. (2006). *Et åpnere barnevern- kommunikasjonsstrategi for barnevernet*. Barne- og likestillingsdepartementet. Lokalisert 12. Januar 2008 på verdensveven: <http://www.bufetat.no/kommstrat/>

Kunnskapsdepartementet. 2005. *Foreskrift til Rammepplan for barnevernspedagogutdanning*. Departementet. Lokalisert 27. November 2007 på verdensveven: <http://www.lovddata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-20051201-1377.html>

Lindboe, Knut. (2006). *Barnevernloven*. Oslo. Gyldendal Akademisk

Stang, Edda (2007). *Fremstillinger av barnevernet i løssalgpressen*. NOVA rapport 7/2007. Oslo. Lokalisert 28. November 2007 på verdensveven: <http://www.nova.no/index.gan?objid=13540&subid=0>

Statistisk Sentralbyrå (2006). *Barn og unge i barnevernet*. Lokaliser på verdensveven 27. November 2007: [www.ssb.no/emner/02/barn\\_og\\_unge/2007/barnevern/index.html](http://www.ssb.no/emner/02/barn_og_unge/2007/barnevern/index.html)

Strategidokument. (2003). *Statlig overtagelse av fylkeskommunale oppgaver, barnevern og familievern*. Barne- og familiedepartementet

Vær varsom-plakaten. (2008). Lokalisert på verdensveven 21. Februar 2008: <http://www.presse.no>

Weber, Max. (1990). *Makt og byråkrati*. Oslo. Gyldendal

Østerud, Øyvind, Goldmann, Kjell, Pedersen og Mogens N. (Red.) (1997). *Statsvitenskaplig leksikon*. Oslo. Universitetsforlaget

(2005). *Norges lover 1687-2005-Studentutgave*. Oslo. Gyldendal Akademisk